

Fra: Hilde Kristin Egeland
Sendt: 29. november 2023 09:39
Til: Postmottak KUD
Kopi: Julia Valeska Woehlert
Emne: Innspel til handlingsplan for deltaking

Innspel frå Øygarden kommune

- *Hva er det viktigste din organisasjon/institusjon kan gjøre for å inkludere enda flere barn og ungdom i kultur-, idrett- og/eller friluftslivsaktiviteter?*

Vi kan inkludere enda fleire ved å ha gode ordningar for finansiell støtte til barn og unge i låginntektsfamiliar, og å sikre at desse ordningane er godt kjent både blant idrettslag og organisasjonar og innbyggjarane i kommunen. Døme på ordningar vi har starta med i kommunen er Fritidkassen og Aktiviteteskortet.

Vi kan tilby enda fleire gratis lågterskelaktivitetar i kommunal regi, som ferieaktivitetar og andre tilbod som går gjennom året.

- *Hva trenger din organisasjon/institusjon for å inkludere enda flere barn og ungdom i kultur-, idrett- og/eller friluftslivsaktiviteter?*

Vi er heilt avhengige av ekstern finansiering frå m.a. Bufdir for å kunne oppretthalde ordningar som Fritidkassen, Aktiviteteskortet og ferieaktivitetar.

- *Hvem trenger dere å samarbeide med for å inkludere enda flere barn og ungdom innen kultur-, idrett- og eller friluftslivsaktiviteter? Og hva skal til for at dere finner sammen?*

Vi treng å samarbeide med lag og organisasjonar for å nå brent ut med informasjon om ordningane som finst. Fritidkassen er organisert slik at det er laga sjølv som melder inn behov på vegner av eigne medlemmar. Det er også frivilligheita som fordeler midlar frå Fritidkassen.

Vennleg helsing



Hilde Kristin Egeland
Fagleiar Kultureininga
+47 55 09 65 74 | +47 975 85 142
www.oygarden.kommune.no